

ULLENSVANG

Tommeliten

Aktivitetsplan for 2023/2024





AKTIVITETSPLAN FOR TOMMELITEN 2023/2024

Velkommen til eit nytt barnehageår på Tommeliten! Me gleder oss til å ta fatt på eit nytt og spennande år og ser fram til eit godt samarbeid.

Barnegruppa

Det er 9 barn på Tommeliten. Seks barn er født i 2021 og tre barn er født i 2022. Fem av dei eldste gjekk på Tommeliten forrige barnehageår også. Dei andre er heilt nye i barnehagen. 2 barn har søsken på andre avdelingar.

Dagsrytme

06.45	Barnehagen åpner
08.00	Frukost
08.30	Leik inne
09.00 / 09.15	Samlingsstund
9.30	Leik ute/Tur/Planlagte aktiviteter
10.30	Bleieskift, håndvask og sangstund
11.00	Lunsj
11.30	Sovetid/Leik inne/ute
13.45	Bleieskift, håndvask og fruktstund
14.30	Leik inne/ute
16.00	Barnehagen stenger

Vekerytme

Vekeplanen vert sendt ut på visma appen. Den vert og hengt opp i garderoben. Planen viser kva som skjer gjennom veka. Den inneheld og diverse påminningar og beskjedar. Me prøver å følge planen, men i kvardagen kan det dukke opp uforutsette ting som gjør at den må endrast. Mangel på vikarer og kontortid kan medføre at vekeplan blant anna ikkje vert sendt ut.

Nedanfor ser de ei grovskisse av vekerytmen vår:

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Inne og uteleik	Turdag	Gruppedag	Forming	Gruppedag
Ped.leiar møte 12.45 - 14.00		Puterommet		Smøremat

* Samlingsstund kvar dag ca 09.15





Måltid

Mat er viktig for å meistra ein dag i barnehagen. Me vaksne skal vera tilstede for barna også under måltidet. Barna et og drikk sjølv, men får hjelp om/når dei treng det. Me vil ha fokus på ro og god atmosfære under måltidene. Måltidet gir god mulighet for å utvikla sjølvstendighet, finmotorisk trening, bordskikk, sosialt samvær og gode samtalar. Måltidssituasjonane er ein god arena for god begrepstrening for barna. Kvar fredag har me smøremåltid. Brødmatt med smørepålegg til frukost. Til lunsj serverer me brødmatt med variert pålegg og grønnsaker som paprika, tomat og agurk.

Samlingsstund

Me vil ha samlingsstund kvar dag ca kl 9.15. Her synger vi sanger, har rim og regler, flanellograf og eventyr/fortellinger. Samlingsstunda vil inneholde noen faste sanger til start og slutt, resten vil variere noe. Samlingsstundene skal vera positive og på barnas premisser. Me lærer og lytta til kvarandre, ha felles fokus, holda konsentrasjonen, venta på tur og me fremmer gruppetilhørighet. Samlingsstunda skal vera spennande, kjekk og læringsrik.

Tur

Tommeliten har turdag kvar tysdag, men me tar gjerne spontane turdager andre dager innimellom også. Me nyttar nærmiljøet flittig på turdagane. Toppen leikeklassen, OFK leikeklassen, ballbingen, Hovden og campingen bli nytta ofte no på hausten og utover. Mot våren når ungane har blitt litt eldre beveger me oss gjerne mot blant anna Mannsåker og Jordal for å sjå på dyra, og utforske naturen der. Me vil ha fokus på turen i seg sjølv og alt me kan oppdaga, utforska og samhandla om, og ikkje om turen er lang eller kort. På turdagen går me frå barnehagen kl 9.30. Spontane turdager blir det også.

Leik

Leiken er viktig, den er barnets viktigaste læringsarena. I leiken har ungane kontroll, det er dei som bestemmer. Det gir sjølvtilit og dei veks på å lykkast. Difor er det viktig at vi vaksne er der og lærar barna å leike. Vi vaksne vil vera støttande i leiken gjennom å legge til rette for leik, finne materiell og vera leikekamerater der det trengs. Vi vil prøva og dela barnegruppa i leiken av og til, på den måten gir vi rom for god utvikling i leiken og at relasjonar kan styrkast.

KVA ER LEIK?

leik er magi i kvardagen

leik er viktig og stort

leik er ein indrestyrt aktivitet som kjem frå barnet sjølv

berre den som leikar veit om det er leik

leik er på liksom og har ein eigenverdi og gir glede

barn leikar for å vera barn





Pedagogisk opplegg

Rammene som er satt for det pedagogiske opplegget er Rammeplanen for barnehagen, Overgang barnehage-skole, Lese for livet-planen og Årsplanen for Rabben barnehage. Rabben barnehage sine satsingsområder er blant annet:

- Være sammen – sosial kompetanse
- Språkstimulering
- IBS - inkluderende barnehage og skulemiljø

Sosial kompetanse dreier seg om kunnskaper, ferdigheter, holdninger og motivasjonen vi treng for å kunne samhandle med andre mennesker. Korleis vi behandler andre mennesker – med respekt uavhengig av rase, kjønn og posisjon. Sosial kompetanse utvikles ikkje av seg sjølv, men krevjer målretta og langsiktig arbeid frå dei voksnes side slik at barnegruppa fungerer positivt for alle. Barna må lære seg til å ta ansvar for eigne handlinger, men det krevjer at noen voksne er til stede og lærer dei det underveis. Vi som voksne må i samspill med barna vise at vi har eit positivt menneskesyn. Alle barn skal ha mulighet til å oppleve seg sjølv som ein positiv del av eit sosialt fellesskap, og i tillegg ha følelse av å bli satt pris på og respektert.

Språk;

Vi legger stor vekt på språk og dialog gjennom helie dagen. Alle er i startgropa i si språkutvikling, og det er ein viktig prosess. Barns språk må stimulerast for å utviklas. Barnehagealderen er den viktigaste utviklingsperioden for språktilegnelse. Derfor er det svært viktig å skapa eit godt språkstimulerende miljø i barnehagen. Språk er avgjørende for læring, sosiale relasjonar og vennskap. Vi vil ha språkleik som fast aktivitet på gruppedager.

Vi tar utgangspunkt i TRAS når vi lager aktiviteter til språkleik og vi observerer språket til barna kontinuerlig.

Inkluderende barnehage og skulemiljø;

Vi i Rabben barnehage er godt i gang med kompetanseutviklingen IBS - Inkluderende barnehage -og skulemiljø. IBS handler om å skapa gode, trygge og inkluderende barnehage og skulemiljø og for å bekjempe mobbing. Vi skal jobbe med tema som læringsmiljø, forebygging, avdekking og håndtering av mobbing/krenkelser, samt regelverk, ledelse og organisasjonsutvikling.

E d greitt?

Ullensvang kommune har i samarbeid med Kvinnherad startet kompetanseløftet "E d greitt?" Målet med dette kompetanseløftet er å sikre at alle barn og unge får kunnskap om vold og seksuelle overgrep, øke kompetansen til dei ansatte som jobber med barn og unge og ha gode hjelpetiltak der det er mistanke om vold og seksuelle overgrep. Ein overgripers største mareritt er opplyste barn som veit kva som er lov og ikkje. Vi må derfor lære barn om kropp, grenser, vold og overgrep.





Tema gjennom året på Tommeliten:

- Aug: Bli kjent
- Sep: Brannvern
- Okt: Meg selv - Fokus på begrep, aktivitetar og sangar knytt til kroppen og følelsar
- Nov: Meg selv - Fokus på begrep, aktivitetar og sangar knytt til kroppen og følelsar
- Des: Jul - Kjem ein eigen plan for desember
- Jan: Dramaprojekt: Sauen som ikkje fant lammet sitt
- Feb: Dramaprojekt: Sauen som ikkje fant lammet sitt
- Mars: Regnbueløva
- April: Regnbueløva
- Mai/Juni - Lille larven aldrimett (vår/insekter)

Småbarnsavdelingane har eit tett samarbeid på fleire av temaene.

Dramaprojektet blir som tidlegare eit tett samarbeid med Rødhette og Smørbukk. Der projektet ender i karnevalsfeiring, med kostymer som me har laga sjølv, av ting me har i barnehagen og kanskje eit klesplagg heimefra. Meir info om dramaprojektet kjem når det nærmar seg.

Barns medverknad

Barn skal jevnleg få mulighet til aktiv deltaking og vurdering av barnehagen som verksemd. «Det at barna får påverke det indre liv i barnehagen kan vera det første steget for å få innsikt i og erfaring med å delta i et demokratisk samfunn», Rammeplanen side 41. Vi vil jobbe med barns medverking gjennom å ha aktive og deltakande vaksne som ser og lyttar til barna. På denne måten aukar me barnas mulighet for medverknad. Me vil ta barnas interesser på alvor og gjer meir av ting dei gir utrykk for at dei liker.

Samarbeid heim/barnehage

Me på Tommeliten ønsker og få til eit godt samarbeid og god kontakt ilag med foreldra. I det daglega samarbeidet er det viktig at me har ein god dialog og utveksler informasjon. Foreldra vil få tilbodet om 2 foreldresamtalar iløpet av året og ellers ved behov. "Et godt og tillitsfullt samarbeid mellom heim og barnehage er viktig for det enkelte barnets trivsel".

Diverse informasjon

Grupper

Vi vil ha faste gruppedager, der aktivitetane tilpasses etter alder og modning. Deler oss i grupper utover dei faste og, når det lar seg gjøre og når det er behov for det. Pæregruppa er 2021 barna og Eplegruppa er 2022 barna.

Bursdag

Bursdagsbarnet får eigen krone, som det sjølv er med å velge farge, så langt det lar seg gjøre og å pynte med klistremerker. Vi henger opp flagg ute og bursdagsplakat med bilde





av barnet i garderoben. I samlingsstund er barnet i fokus. Vi synger bursdagssang og barnet får trekke sanger og velge eventyr/flanellograf.

Samarbeid på tvers

I år vil me og samarbeide mykje med Smørbukk og Rødhette. Me vil og ha felles aktivitet på blant anna haustfest, juleluns/nissefest og påske, samt felles dramaprojekt. Døra mellom Smørbukk og Tommeliten vil være åpen litt på morgon og ettermiddag.

Jul i barnehagen

Det vert sendt ut ein eigen plan for desember månad.

Til slutt..

Me håpar på eit godt samarbeid om dykkar barn.

Kristina Seljestad
Pedagogisk leiar

